

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44.  
Seremne 8.  
Tilleggsspørsmålnr.

Fylke: Hordaland.

Herad: Lindås.

Emne: Veving.

Bygdelag: Indre-Nordhordland.

Oppskr. av: Martin Toft

Gard: Toft.

(adresse): Askelandsvåg.

G.nr. 18, Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Petra Toft, 70 år, Lindås, bondekona.

## SVAR

I. Vevemåte:

1. Til klede åt karane nytta dei 3 skjefte, vende-  
vove vadsmål. Dråden var spunnen av beste sort ull.

2. Til klede åt kvinnene vart nytta einskjefa vad-  
smål. Garnet var ullgarn av finaste slag.

3. Til underklede nytta dei 3 skjefte vadsmål, det  
var mjukare enn einskjefte. Det var likt for menn  
og kvinner.

Til understakkar til kvinner nytta dei bomullsvarp  
og vøft av fintspunne ullgarn. Det var einskjefte.

4. Sengeomheng var sjeldan nytta. Dei som nytta  
slike, brukte oftast kullørt ulla.

5. Kvillane var vovne 3 skjefte - likt vadsmål- men  
tråden i voften var mukje tjukkare ulltråd. Ulla var  
heller ikkje av den beste.

Putevara var vevne som einskjefte, men varpet var  
av lin og berre voften var av ull.

Dei fylte putevara med halm. Seinare nytta dei  
bleikt lerreft til "høyne smøl" utanpå putevaret.

Desse var ofte ymse saum i - anten i enden som  
snudde framatt eller på den sida som snudde oppatt.

Til "sengespreid" nytta dei ofte rosute kjøpeteppe

4.50

10794

Rosene på desse tepe kunne vera blål og bomar som råmax inn ymse bilete - ofte var det motiv frå Bibelen. Dei var av bomull og hadde kvit tråd av bomull som frynser i kantane. Tråden var av same tjukn som den som vart nytta til "~~halla~~ havidletråd". Det var truleg innførde plagg. Dei fleste hadde ikkje overbreidsle på sengene enn "bråkvitlar."

6 og 7. Ein veit ikke at dei vov dukar og handklede i gamaltid, her i bygda. Det var fyrst då ein fekk dei fyrste handarbeidsskulane for ein 40-50 år sidan at dei tok tål å veva slike.

8. Eit åklkede måtte dei ha til ei k<sup>v</sup>ar seng. Sume vov dei sjølve, men dei fleste var vevne av kvinner som var spisialistar i dette arbeidet - så dei fleste i bygda vende seg til slike når dei skulle ha åkle d. v. s. "bråkvitlar" vevne. Bråkvitlar vert ikkje nytta lenger til sengkledde, dei som har av dei enne, nyttar <sup>dei</sup> tildels som golvtepe - er dei retteleg pene, vert dei og nytta som tepe på vegen i beststova.

II. Ein har ikkje kunna få nokon til å greda ut om mønste, border eller motiver i stedeigen veving. Trur ikkje her er nokon av bygdefolket her som kan gjeva opplysning om dette.

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

### Sæmne 8.

- 1 Det kunne ver ymse breidde på veven og likeeins med lengden. Storleiken avgjorde dei når dei la opp veven.
2. Dei rekna breidda i alen.
3. Dei talde trådane i basmer - 12 trådar i kvar basme.

10794

4. Ein nytta meir vøft i ein 16 basma vev menn i ein 19 basma.

På fin kledvev rekna dei 2 alner etter marka på vanleg breidde og  $1\frac{1}{2}$  aln etter marka på ein kvitlevev. Kvitleveven var på 16 basma og vadmålsveven på 18 basma.

No er det mest slutt på all veving av klede i heimane, det er fabrikkane som har teke over. Berre nokre få eldre kvinner i 80-årsalderen kan ein ender og då få overtelja til ~~xxx~~ å veva ein kort vadmåls- eller "kvitlavøv."

( ein vøv - vøven - vøve - vøvane ).

( å vøva - vøv - vov - vøve ).

( eit varp - varpe - ~~XXXXXXXXXXXX~~ )

( ein vøft - vøften - )

*er andlent.*

7/6-55.

-----o o o-----